



BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN
Att.Bystyrets kontor

Saksbehandlar
Jakob Havsgård

Avgjerd i sak om lovlegkontroll som gjeld vedtak om alkoholpolitiske retningslinjer

Statsforvaltaren viser til oversending av sak frå Bergen kommune datert 02.10.2024. Saka gjeld lovlegkontroll av bystyret sitt vedtak i sak 182/24. Vedtaket gjeld alkoholpolitiske retningslinjer og forskrift for sals-, skjenke- og opningstider i Bergen kommune for perioden 2024–2028. Vedtaket vart gjort i bystyremøtet 19. juni 2024.

Statsforvaltarens kompetanse i saker om lovlegkontroll følgjer av kommunelova § 27-3. Ved ugyldigheit kan Statsforvaltaren berre oppheve vedtaket.

Vi beklagar sterkt lang saksbehandlingstid.

Statsforvaltarens vedtak

Lovlegkontrollen har ført fram.

Statsforvaltaren i Vestland opphevar Bergen bystyre sitt vedtak i sak 182/24 for så vidt gjeld kapittel 4.1 tredje avsnitt om forbod mot å gje løyve til stader som har stripping, toppløs-servering og liknande som del av underholdningstilbodet/driftskonseptet.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på.

Kort om saka

Bergen kommune sitt bystyre gjorde 19. juni 2024 vedtak om retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve for perioden 2024—2028. Sju representantar frå Bergen bystyre sette fram krav om lovlegkontroll av retningslinjene. Kravet vart sett fram av Thor Haakon Bakke (MDG), Katrine Berg Nødtvedt (MDG), Eline Aresdatter Haakestad (MDG), Christine Henriksen Ødegaard (MDG), Per-Arne Hvidsten Larsen (Venstre), Ingrid Nergaard Fjeldstad (Venstre) og Ole-Ansger Nepomuk Martini (Venstre). Kravet vart mottatt av bystyret sitt kontor 03.07.2024.



I brevet som vart sendt Bergen bystyre, viser kravstillarane til kapittel 4.1 tredje avsnitt som har følgjande ordlyd:

“Det gis ikke bevilling til steder som har stripping, toppløs-servering og lignende som del av underholdningstilbudet/driftskonseptet. Bergen kommune ønsker ikke tilgjengelighet til alkohol i kombinasjon med slike konsepter. Det gis heller ikke bevilling til steder som anses å være i kombinasjon med eller har tilknytning til slike konsepter. Bergen bystyre finner også at et slikt konsept er uforenlig med den profil og det omdømme Bergen kommune ønsker å profilere seg med som attraktiv turistby og i næringspolitikken. Et slikt konsept vil heller ikke være forenlig med den likestillingsprofil Bergen kommune ønsker å forbindes med og anses også uheldig når det gjelder barn og unges opplevelser av bylivet”.

I brevet som vart tilsendt, argumenterte kravstillarane for at kommunen ikkje kunne gi ei slik retningslinje med heimel i alkohollova fordi det var teke utanforliggende omsyn som kommunen ikkje hadde høve til å vektleggje. Avslutningsvis skreiv kravstillarane at «[r]epresentantene mener derfor at bystyrets vedtak i sak 182/24 ikke «har et lovlig innhold», jf. kommuneloven § 27-3 (1) bokstav a».

Bergen bystyre behandla kravet om lovlegkontroll i møte 02.10.2024 i sak 382/24. Bystyret opprettheldt vedtaket og kravet vart sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Vilkåra for lovlegkontroll

Etter kommunelova § 27-1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman krevje at departementet kontrollerer om eit vedtak er lovleg. Denne avgjerdsmakta er for kommunale vedtak delegert til Statsforvaltaren i forskrift av 30.08.2019 nr. 1096 punkt IX. Eit slikt krav må settast fram innan tre veker etter vedtaket blei gjort, for det organ som gjorde vedtaket. Sidan kravet om lovlegkontroll vart sett fram av 7 bystyrerepresentantar innanfor tidsfristen, er dei innleiande vilkåra i § 27-1 oppfylte.

Etter kommunelova § 27-2 kan «endelige vedtak» som er gjorde av eit folkevald organ lovkontrollerast.

Spørsmålet er om et vedtak om alkoholpolitiske retningslinjer er eit endeleg vedtak.

Det kan ikkje reknast som sjølvsgt at vedtak om alkoholpolitiske retningslinjer skal forståast som endelege. Så lenge retningslinjene ikkje er juridisk bindande, kan kommunen fråvike dei i den enkelte saka. Likevel er karakteren av retningslinjer slik at dei skal standardisere forvaltningsskjønnet i enkeltsaker. Kommunen må derfor bruke retningslinjene på ein haldbar måte, og det er stilt strengare krav til grunngjeving dersom retningslinjene skal fråvikast.

Problemstillinga vart drøfta i rundskrivet til kommunelova av 1992 § 59:

«Det kan reises spørsmål om vedtak om kommunale retningslinjer kan være gjenstand for lovlighetskontroll etter § 59. Fastsettelse av retningslinjer har isolert ikke selvstendige rettsvirkninger og er heller ingen realitetsavgjørelse i en sak. Retningslinjene er imidlertid ment som autoritative utsagn som skal legge føringer for kommunens saksbehandling. Det er naturlig at den kommunale administrasjonen anser seg forpliktet til å følge retningslinjene i behandlingen av sakene og bruker dem som en del av normgrunnlaget for sine vedtak. Autoritative utsagn som er ment å få betydning for andres saksbehandling kan anses å falle inn under avgjørelsesbegrepet i



fvl. § 6. Disse forholdene taler etter departementets vurdering samlet for at vedtak om kommunale retningslinjer også kan anses som en «avgjørelse» og være gjenstand for lovlighetskontroll etter § 59.¹

Sjølv om rundskrivet gjeld den oppheva kommunelova § 59, er det klart at føresegna ikkje var meint å endre rettstilstanden på dette punkt, sjå Prop. 46 L (2017—2018) side 415. Vi legg derfor til grunn at vedtak om alkoholpolitiske retningslinjer er eit endeleg vedtak som kan kontrollerast.

Vilkåra for å setje fram lovlegkontroll er derfor oppfylt.

Innhaldet i lovlegkontroll

Etter kommunelova § 27-3 første ledd skal Statsforvaltaren ta stilling til om vedtaket har eit lovleg innhald, om vedtaket er gjort av nokon som har avgjerdsrett til å gjere eit slikt vedtak, og om vedtaket har blitt til på lovleg måte.

Statsforvaltaren kan likevel avgrense lovlegkontrollen til dei forholda som er tatt opp i saka, jf. kommunelova § 27-3 andre ledd. Vi vil derfor i det følgjande avgrense lovlegkontrollen til spørsmålet om innhaldet i kapittel 4.1 tredje avsnitt har eit lovleg innhald, jf. kommunelova § 27-3 første ledd bokstav a.

Lovlegkontrollen kan berre omfatte dei offentlegrettslege sidene ved vedtaket, jf. kommunelova § 27-3 tredje ledd. Dersom Statsforvaltaren ved lovlegkontrollen kjem til at det er gjort feil som gjer vedtaket er ugyldig, skal vedtaket opphevast, jf. kommunelova § 27-3 fjerde ledd. Statsforvaltaren kan ikkje gjere nytt vedtak i saka.

Statsforvaltaren skal ved ein lovlegkontroll ikkje meine noko om avgjerda var formålstenleg eller liknande. Vi tek berre stilling til om avgjerda var lovleg etter gjeldande regelverk.

Statsforvaltaren si vurdering

Rettsleg ramme for skjønnsutøving i skjenkesaker

Alkohol er ikkje ei vanleg vare, men ei vare som kan medføre skadar for den som drikk ho og for tredjepartar. Omsetning av alkohol er derfor regulert i alkohollova. Lova har som formål å avgrense samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan innebere, i størst mogleg utstrekning, jf. alkohollova § 1-1.

Det er samstundes klart at alkohollova ikkje byggjer på eit prinsipp om total avgrensing av bruk og omsetning av alkoholhaldige drikker. Som det går fram av forarbeida, er alkohol ei lovleg omsett og forbrukt vare, og hovudinnhaldet i alkohollova er derfor å regulere denne omsetninga i forsvarlege formar, sjå Ot.prp. nr. 31 (1988—1989) på side 6. Som ledd i dette tek lova sikte på å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer, blant anna ved bruk av verkemiddel som kontrollert sal og skjenking, og avgrensa tilgjengelegheit.

Norsk alkohollovgeving byggjer på prinsippet om kommunalt sjølvstyre innanfor ytre rammer, sjå Ot.prp. nr. 31 (1988—1989) på side 12-13. Avgjerder om å gi løyve til sal og skjenking av alkoholhaldige drikker høyrer under kommunane si skjønnskompetanse, jf. alkohollova § 1-7 a. Det betyr likevel ikkje at kommunane står heilt fritt i spørsmålet om tildeling av skjenkeløyve. Det er ulovfesta skrankar for forvaltningsskjønnet. Etter læra om misbruk av avgjerdsrett kan

¹ [H-2299 på side 13](#)



statsforvaltaren mellom anna prøve om vedtaket byggjer på utanforliggjande omsyn. Kva som er utanforliggjande å leggje vekt på, avheng av ei tolking av den aktuelle heimelslova.

Den rettslege problemstillinga er derfor om kommunen, ved å vedta det aktuelle avsnittet i dei alkoholpolitiske retningslinjene, har overskride grensene for sin materielle kompetanse etter alkohollova § 1-7 a, og dermed lagt vekt på utanforliggjande omsyn.

Alkohollova § 1-7 a første ledd lyder slik:

«Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer som nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha bevilling».

Ordlyden gjer uttrykk for at kommunane har stor skjønnsfridom i å utforme lokal alkoholpolitikk. Opplistinga av omsyn som kommunen kan leggje vekt på i saker om skjenkeløyve, er ikkje uttømmende, derav formuleringa «blant annet legge vekt på».

Sosial- og helsedepartementet uttalte i Ot.prp. nr. 7 (1996—1997) på side 32 at lovforslaget ikkje var meint å innebære endringar i forhold til gjeldande rett. På neste side i proposisjonen utdjupa departementet nærare kva rettslege rammar kommunane har i tildelinga av skjenke- og salsløyve:

«Etter gjeldende rett står forvaltningen temmelig fritt ved behandling av bevillingssøknader. Det må trekkes liberale grenser for hva det kan legges vekt på. Men avgjørelsen må treffes på et saklig grunnlag.

[...]

Alle hensyn som fremmer alkohollovens formål er relevante. Det kan også til en viss grad legges vekt på andre hensyn enn de som direkte fremmer lovformålet. Hensyn som taler for og imot innvilgelse av bevilling er i prinsippet likestilt. Skal f.eks. næringspolitiske og forbrukerpolitiske hensyn kunne vektlegges for å innvilge bevilling, må de også kunne vektlegges ved nektelse av bevilling.

Det kan ikke kreves at det skal dokumenteres at hver enkelt avgjørelse i bevillingssaken bidrar til å fremme lovens formål. Et slikt dokumentasjonskrav er naturligvis umulig å oppfylle. Det er tilstrekkelig at skjønnsmomentene ligger innenfor lovens saklighetskrav.

Norsk Hotell og Restaurantforbund/Forbundet for Overnatting- og Serveringsnæringsens forslag om at det bare skal være mulig å legge vekt på alkoholpolitiske hensyn kan oppfattes som et forslag om å innskrenke kommunenes skjønnsfrihet i forhold til dagens lov. Sosial- og helsedepartementet ser for sin del ingen grunn til en slik innskrenkning. Alkoholpolitikken kan ikke ses helt løsrevet fra andre samfunnsmessige forhold, og vurderingene av om bevilling skal gis bør som nå basere seg på en bred vurdering av alle relevante forhold. Kommunenes skjønnsmessige myndighet bør ikke være snevrere på dette området enn i andre deler av forvaltningen. Forslaget ville for øvrig skape problemer i forhold til svært mange vedtak som tildeler bevilling, som ofte er begrunnet i andre hensyn enn alkoholpolitiske.

Departementet ser ikke grunn til å foreslå en innskrenkning av hvilke hensyn det kan legges vekt på i forhold til gjeldende rett».



Sidan lovforslaget ikkje var meint å endre gjeldande rett, er det naturleg å sjå til rettspraksis før vedtakinga av lovføresegna.

Den sentrale dommen på området er Rt. 1996 s. 78 (Bjørlo hotell). Spørsmålet var om eit kommunestyre hadde tatt utanforliggjande omsyn då dei avslo skjenkeløyve. Det konkrete saksforholdet var slik at kommunen hadde sett eit lovleg tak på tal skjenkeløyve i kommunen. Det oppstod ein konkurransesituasjon mellom fleire søkjarar om skjenkeløyve. Spørsmålet i saka var om kommunen hadde lagt vekt på utanforliggjande omsyn ved å favorisere den eine aktøren framfor den andre. Kommunen hadde lagt vekt på næringspolitiske omsyn i ei situasjon der begge aktørane stod nokolunde likt etter ei alkoholpolitisk vurdering.

Høgsterett peika på at det måtte trekkast rommelege grensar for kva slags omsyn kommunane kunne leggje vekt på, men viste samstundes til at lovgivar i samband med utarbeidinga av alkohollova av 1989 meinte det var klart at avgjerda ikkje kan byggje på «*betraktninger som er uten enhver forbindelse med alkoholpolitiske hensyn*».

I den konkrete vurderinga skreiv Høyesterett følgjande:

«Spørsmålet er om det dermed er tatt et hensyn som må ansees som utenforliggende. At det her er tale om et under enhver omstendighet aktverdigg formål er ikke avgjørende, dersom det i denne sammenheng ikke er adgang til å legge vekt på det.

[...]

Når kommunen i en slik situasjon skulle foreta et valg mellom søkere som det ut fra en alkoholpolitisk vurdering ikke er noe å innvende mot, må det – slik det her er skjedd – være adgang til å legge vekt på hvilken lokalisering av skjenkestedet som ut fra en bredere vurdering vil være den heldigste. Jeg ser det slik at det er miljø- og byutviklingshensyn i meget vid forstand som kommunestyret her har lagt vekt på.

[...]

Jeg mener at kommunestyret i den foreliggende situasjon ikke kunne være forpliktet til utelukkende å legge vekt på det som lagmannsretten kaller en "finmasket" alkoholpolitisk vurdering.»

Som vi har peikt på tidlegare var lovreguleringa ikkje meint å endre på rettstilstanden. Trass i den vide kompetansen kommunane er gitte, viser gjennomgangen over at lovføresegna ikkje opnar for så vidt spelerom som ein først kunne tru.

Alle omsyn som framhevar alkohollova sitt formål er relevante. Kva som kan leggjast vekt på ut over dette, må vurderast konkret. Statsforvaltaren må vise varsemd med overprøvinga sidan skjønnsmarginen er vid. Det har likevel ikkje vore meininga frå lovgivar si side at avgjerder i tildelingssaker kan «bero på betraktninger som er uten enhver forbindelse med alkoholpolitiske hensyn». Derfor vil formålsparagrafen i alkohollova § 1-1 tene som tolkingsmoment ved den nærare fastsetjing av rekkevidda til alkohollova § 1-7.

I same retning kan me også forstå Eckhoff/Smith *Forvaltningsrett* (2022) på side 409—410:



«Det kan imidlertid spille en rolle om visse kjernekriterier er tilfredsstillt. I både Rt. 1976 s. 614 (vaktmester) og Rt. 1996 s. 78 sto partene noenlunde likt med hensyn til nøkkelkriteriet på vedkommende område (hhv. kvalifikasjoner og skikkethet for alkoholservering). Dette ga større frihet i vektingen av andre, mer perifere momenter. Om de grunnleggende kriteriene ikke hadde vært oppfylt, er det mer sannsynlig at domstolene ville ha grepet inn».

Høve til å vektleggje meir perifere omsyn i spørsmålet om avslag på skjenkeløyve, avheng derfor om avgjerda elles byggjer på ei form for alkoholpolitisk vurdering. Dersom avslaget berre bygger på omsyn som ikkje har samanheng med formålet med alkohollova, kan avslaget bli vurdert som utanforliggjande.

Spørsmålet om å kunne nekte skjenkeløyve til strippeklubber har ikkje vore oppe for Høgsterett. Av underrettspraksis viser vi til lagmannsretten si avgjerd i LG-2014-177692 og tingretten si avgjerd i TTRO-2021-24151.

Begge sakene handla om konkrete avslag på skjenkeløyve til strippeklubber. Det vart også i desse sakene lagt vekt på liknande omsyn, som kommunen sitt omdømme, likestillingsprofil og omsynet til barn og unge.

I avgjerda frå lagmannsretten kom retten til at avslaget var gyldig. Lagmannsretten konstaterte at «de vesentlige av hensyn» som kommunen hadde peikt på kunne vere relevant. Vidare gjorde lagmannsretten ei konkret vurdering av den aktuelle saka. Domstolen peikte på at kommunen hadde lagt vekt på at dansarane hadde ei provisjonsordning ved sal av alkohol og at å vektlegge dette var i tråd med alkohollova sitt formål. Det vart også lagt vekt på at den aktuelle verksemda var plassert tett på eit bustadområde. Vi legg difor til grunn at resultatet i dommen ikkje har særleg overføringsverdi til ei sak om vedtaking av alkoholpolitiske retningslinjer.

I tingrettsdommen hadde kommunen, trass i at søkaren hadde hatt uklanderleg vandel i nærare 20 år, avslått søknaden med tilvising til dei alkoholpolitiske retningslinjene. Det aktuelle punktet i retningslinjene hadde store likskapstrekk med retningslinjene som Bergen kommune har vedtatt, med enkelte ulikskapar, språklege og i innhald.

Sjølv om det var tale om klage på eit enkeltvedtak, såg tingretten vedtaket og retningslinjene i samanheng. Etter å ha gjort greie for rettstilstanden, kom tingretten fram til at avslaget var ugyldig:

«Som redegjort for ovenfor, kan det i en viss utstrekning legges vekt på andre hensyn enn de som måtte inngå i en alkoholpolitisk vurdering i snever forstand. Retten er også enig med kommuneadvokaten i at hensyn som gjør seg gjeldende på tvers av forvaltningsområder hvor ingen i seg selv er usaklige, i gitte tilfeller må kunne trekkes inn i en avgjørelse i skjenkesaker.

Avslaget i denne saken bygger imidlertid på hensyn hvor alle etter rettens vurdering er perifere sammenholdt med lovens formål, og mangler forankring i alkoholpolitiske hensyn.

I et slikt tilfelle kan det ikke være av avgjørende betydning at det er andre aktverdige formål bak vedtaket.»

I Helsedirektoratet sin merknad til alkohollova § 4-3 blir spørsmålet om skjenking til strippeklubar kort omtalt i samband med kommunanes høve til å stille vilkår til skjenkeløyve:



«For å redusere tilgjengeligheten til alkohol, kan kommunen også fastsette generelle retningslinjer knyttet til driftskonsept. Kommunen kan for eksempel ønske å begrense antall skjenkesteder med høy skjenkeprofil, typisk puber, barer og nattklubber, og stille derfor krav om at en viss andel av skjenkestedene skal være spisesteder. Vilkår i bevillingsvedtaket som skal støtte opp om slike retningslinjer vil normalt også anses som saklige, for eksempel krav om spiseplikt, meny, bordservering eller at en viss del av stedets omsetning skal være mat.

Det kan også stilles vilkår om forbud mot annen virksomhet, eksempelvis for å hindre tilgjengelighet til alkohol i kombinasjon med spill eller idrett. Vilkår som forbyr stripping eller lignende underholdning har etter praksis også blitt akseptert, dersom vilkåret er begrunnet i alkoholpolitiske hensyn. Derimot vil vilkåret ikke nødvendigvis være lovlig om begrunnelsen er moralske hensyn.»

Rettleiaren frå Helsedirektoratet gjeld kommunane sitt høve til å stille vilkår til løyve etter alkohollova § 4-3. Kommunane har eit meir avgrensa handlingsrom for å stille vilkår knytt til sjølve utøvinga av løyvet enn dei har når dei vurderer kva omsyn som kan vektleggjast ved tildelinga, sjå Ot.prp. nr. 7 (1996—1997) på side 45:

«Den alminnelige forvaltningsrettslige adgangen til å stille vilkår er snevrere enn adgangen til å vektlegge hensyn, sammenlign kapittel 4.2 ovenfor. Ved fastsettelse av vilkår kreves en tettere forankring til loven. Det kan bare stilles vilkår som er saklig begrunnet, dvs for å ivareta alkoholpolitiske og samfunnsmessige hensyn. Et eksempel på vilkår som kan stilles er at det skal være en bestemt aldersgrense for adgang til et skjenkested. Aldersgrensene kan både begrunnes med at de bidrar til å begrense tilgjengeligheten til alkohol og med hensynet til kontroll med utøvelsen av bevillingen.»

Dette er også relevant for vår sak. Eit forbod i retningslinjene mot skjenking på strippeklubb får i praksis same verknad som eit vilkår som forbyr stripping på ein skjenkestad.

Vi kan vidare ikkje sjå at Helsedirektoratets kommentar fråviker rettstilstanden som det er gjort greie for over. Sjølv om Helsedirektoratet aksepterer vilkår som forbyr stripping, er dei tydelege på at det også for vilkår om strippeforbod går ei grense mot det usaklege. Det blir presisert at vilkåret som er grunnlagt i alkoholpolitiske omsyn, kan vere akseptert, men at vilkår knytt til moralske vurderingar ikkje utan vidare vil vere lovleg.

Den konkrete vurderinga

I retningslinja blir det framheva at konseptet ikkje er i samsvar med «den profil og det omdømme Bergen kommune ønsker å profilere seg med som attraktiv turistby og i næringspolitikken». Vidare står det at «et slikt konsept» ikkje er i samsvar med «den likestillingsprofil Bergen kommune ønsker å forbindes med» og at det også må sjåast på som «uheldig når det gjelder barn og unges opplevelser av bylivet».

Vi les retningslinja slik at «konseptet» gjeld aktørar som tilbyr stripping, toppløs-servering og liknande tenester, og ikkje som konseptet strippeklubb som tilbyr servering av alkohol.

Vi meiner Bergen kommune til ein viss grad har høve til å vektleggje omsynet til byen sitt omdømme, likestillingsprofil og til barn og unge sine opplevingar av bylivet ved utøving av det politiske skjønnet i skjenkesaker.



Etter vår oppfatning kan omsyna i retningslinja likevel vanskeleg sjåast å vere alkoholpolitisk grunngeve, sjølv etter ei rommeleg forståing av formålsføreseigna i alkohollova. Omsyna knyter seg i det heile til generelle syn på strippeklubbar og liknande, og er såleis argument for å motverke heile konseptet. Som nemnt kan ikkje avgjerder om skjenkeløyve «bero på betraktningar som er utan enhver forbindelse med alkoholpolitiske hensyn».

I samband med lovlegkontrollen utdjupa byrådet si avdeling for næring, kultur og idrett nærare kvifor eit slikt forbod var skrive i retningslinjene:

«Alkoholloven har som formål å begrense, i størst mulig utstrekning, de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære, og det er begrensninger i hva som kan reguleres i forbindelse med innvilgning av skjenkebevillinger. Dette er kommentert i veilederen til alkoholloven som er utarbeidet av Helsedirektoratet. Her fremkommer det av merknad til § 4-3, Vilkår knyttet til bevillingen at: «[d]et kan også stilles vilkår om forbud mot annen virksomhet, eksempelvis for å hindre tilgjengelighet til alkohol i kombinasjon med spill eller idrett. Vilkår som forbyr stripping eller lignende underholdning har etter praksis også blitt akseptert, dersom vilkåret er begrunnet i alkoholpolitiske hensyn. Derimot vil vilkåret ikke nødvendigvis være lovlig om begrunnelsen er moralske hensyn.»

Alkohol påvirker beviselig folks atferd, og kan føre til økt risiko for trakassering, vold og annen krenkende atferd. Det er et overordnet mål at Bergen skal være en trygg by, og det er et førende premiss for byrådet å føre en alkohol- og skjenkepolitikk som støtter opp om dette. Alkoholservering på steder som har stripping, toppløs-servering og lignende som del av underholdningstilbudet/driftskonseptet er derfor ikke forenelig med byrådets alkoholpolitikk.»

Kommunen viser altså generelt til negative effektar av alkoholinntak som risiko for trakassering, vald og annan krenkende åtferd og at kommunens skjenkepolitikk skal støtte opp om å vere ein trygg by. Dei skriv så at klubbar som har stripping og liknande konsept derfor ikkje er «forenlig med byrådets alkoholpolitikk». Grunngivinga er kort, og det er ikkje forklart nokon konkret samanheng mellom stripping og målet om å vere ein trygg by.

På same måte som i tingrettsdommen finn vi at sjølv om omsyna som er vektlagde ikkje er usaklege i seg sjølve, er dei også perifere sett i lys av formålet med alkohollova. Alkohollova kan ikkje generelt brukast som eit verkemiddel for motverke verksemd som elles er lovleg.

Å grunngi ei generell retningslinje om at det ikkje skal givast skjenkeløyve til serveringsstader der stripping eller liknande er ein del av konseptet, manglar tilstrekkeleg forankring i formålet med alkohollova og er difor eit utanforliggjande omsyn. Retningslinja kan få den konsekvens at ho gir næringsforbod for ei verksemd som elles er lovleg, og som løyvestyresmakta ikkje har noko å utsetje på. Vi vurderer derfor at Bergen kommune har overskride sin materielle kompetanse etter alkohollova § 1-7 a og altså lagt vekt på utanforliggjande omsyn ved vedtaking av det aktuelle avsnittet i dei alkoholpolitiske retningslinjene.

Vi vil framheve at dette gjeld lovlegkontroll av eit vedtak om alkoholpolitiske retningslinjer, og ikkje ein lovlegkontroll av ei enkeltsak. Kommunen har høve til å avslå søknader om skjenkeløyve i den enkelte saka for aktørar som har stripping eller liknande tenester som del av driftskonseptet, dersom det ligg konkrete og saklege alkoholpolitiske grunnar bak.



Statsforvaltaren har derfor kome til av kapittel 4.1 tredje avsnitt i Bergen kommune sitt vedtak av 19.06.2024 ikkje har eit lovleg innhald, jf. kommunelova § 27-3 første ledd. Statsforvaltaren opphevar denne delen av Bergen kommune sitt vedtak.

Med helsing

Gunnar Ove Hæreid
ass. statsforvaltar

Jakob Havsgård
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent